

# REGULERINGSPLAN

Rv. 13 rassikring Lovraeidet – Rødsliane

Planid 201502 Suldal kommune

## FORSLAG TIL FØRESEGNER

### Føresegner

#### § 1 FØREMÅL

Planen skal avklare trasé og utforming for rassikring av rv. 13 mellom Lovraeidet og Rødsliane, inkludert kryss, tunnel, kollektivterminal, avkøyrsløse mm.

#### § 2 AREALBRUK

Dei regulerte områda er vist med reguleringsgrense på plankartet i målestokk 1:1000, datert 24.06.2016. Områda regulerast til følgande føremål:

- Bygningar og anlegg (pbl. §12-5 1. ledd)
  - Næringsbygningar (BN)
- Samferdsel og teknisk infrastruktur, (pbl. §12-5, 2. ledd)
  - Køyreveg (SKV1-7)
  - Kollektivanlegg (SKA)
  - Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
  - Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- Landbruks-, natur, friluftsområder og reindrift (LNFR)
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl. §12-5, 6. ledd) (V)
- Hensynssoner (pbl. §12-6)
  - Rasfare (H310)
  - Frisiktsoner
  - Bevaring kulturmiljø (H570)
- Føresegnområde
  - # 1-2 Midlertidig rigg- og anleggsområde
  - # 3 Utforming av fangvoll
  - # 4 Midlertidig rigg- og anleggsområde - tverrslag

#### § 3 PLANKRAV

Ved søknad om tiltak etter pbl. § 20-1 i område regulert til bygningar og anlegg, kan kommunen krevje at det på førehand blir utarbeida detaljreguleringsplan for området.

Krav om detaljregulering gjeld ikkje midlertidig rigg- og anleggsområde, utfylling av massar og utviding av kanalen mellom Lovravatnet og sjøen.

## § 4 FELLES FØRESEGNER

### § 4-1 Støyskjermingstiltak

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for støy i arealplanlegging (jf. T-1442 (2012)) skal leggest til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Konkret utforming av det lokale støytiltaket skal avklarast i samråd med grunneiger, og gjennom byggesakshandsaming dersom tiltaket er søknadspliktige, jf. pbl § 12-7, nr. 3.

## § 5 BYGNINGAR OG ANLEGG

### Næring BN1

Planen omfattar utvida næringsområde på Lovraeidet.

Terrenghøgde på planlagt næringsområde på utfylling i sjø må ligge på + kote 3,5.

Toppdekket på fyllingsflata skal vere eit tilstrekkeleg tjukt lag med humusblanda grus/skrinn vekstjord. Arealet skal plantast til med masseplantar av ulike treslag som veks naturleg i området, bjørk, or, osp og selje. Den øvrige flata skal ligge open for naturleg vegetasjonsinnvandring.

## § 6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### § 6-1 Generelt

Terrenginngrep ifm. veganlegget skal skje mest mulig skånsamt. Det tillatast oppføring av mur og anna tekniske infrastruktur innanfor anna vegareal. Konkret utforming skal avklarast i byggeplan.

Overvatn som skal ledast bort frå planområdet må ha tilfredsstillande kvalitet og skal førast til utslepp i sjø. Overvatn frå tunnel og veg skal ikkje førast til Lovrvatnet. Detaljerte planer for overvatn skal lagast i byggeplanfasen, og skal også omfatte avrenning i anleggsperioden.

Det skal dimensjoneraast og prosjekteraast tiltak for å sikre tilstrekkeleg gjennomstrømming frå Lovrvatnet til fjorden.

### § 6-2 Køyreveg o\_SKV1-6 og f\_SKV7

Vegen skal ha høgder og tverrprofil som vist i lengdeprofil på planteikningane. Avvik på +/- 1 m tillatast.

Tunnelen skal ha profil T9,5 eksklusiv nødvendig sikring, tekniske rom, havarinisje, installasjonar og drenering.

### § 6-3 Kollektivanlegg o\_SKA

Innanfor kollektivanlegget kan det etablerast manøvreringsareal og haldeplassar for busser, venteskur, parkeringsplassar, og fangvoll. Anna areal skal vegetarast.

#### **§ 6-4 Annan veggrunn – tekniske anlegg (o\_SVT) og grøntareal (o\_SVG)**

Annan veggrunn omfattar areal utanfor køyrebane som er nødvendig for bygging og drift av vegen, som grøfter, skjering og fylling, murar, fallgrøfter, andre sikringstiltak og tekniske bygg for tunnelen.

Vegetasjonen skal tilpassast karakteren til dei tilgrensa areala. Det skal leggst vekt på estetikk og kvalitet ved val av plantesorter, og ved planlegging og opparbeiding av areala. Ny vegetasjon bør vera stadeigen.

Alle rørte flater og fyllingar skal dekkast med minimum 3-5 cm vekstjordlag. Vekstjordlaget skal ikkje innehalde fremmande uønskte arter.

Ved Lovraeidet skal det etablerast ei avskjerande grøft ved kanten av fyllinga, som skal handtere overflatevatn frå veganlegg og tunnel.

I Ersdalen skal det etablerast ei avskjerande grøft langs kanten av fylling mot gamal veg, som skal handtere overflatevatn frå veg.

#### **§ 7 LANDBRUK, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE OG REINDRIFT (LNFR)**

For desse områda gjeld føresegna i kommuneplanen.

#### **§ 8 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE**

##### **Strandsone o\_V**

Innanfor strandsone tillatast etablert fylling som fundament for landareal og skråningar, jf. § 5-4. Det tillatast ikkje inngrep/tiltak i eller i nærleiken av fyllingane som kan gjere dei ustabile.

#### **§ 9 HENSYNSSONER**

##### **§ 9-2 Faresone ras H310\_1**

I området som er utsett for ras, er det forbod mot utbygging i hensynssona før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot ras. Det er krav om fagkyndig utgreiing i samband med utarbeiding av byggeplan og ved søknad om byggje- og anleggstiltak.

##### **§ 9-3 Hensynssone vern av kulturminner/-landskap H570\_1**

Før det kan gjerast fysiske inngrep i hensynssona, må plikten til undersøking etter §9 i kulturminnelova, oppfyllest. Det tillatast ikkje graving innanfor dette området. Ved lagring av midlertidige massar, skal det nyttast filtduk.

## **§ 9-4 Sikringszone – Frisikt**

I frisiktsonene skal det ikkje vere vegetasjon eller andre element høgare enn 0,5 m over tilstøytane nivå på vegen. Enkeltstående høgstamma tre kan tillates.

## **§ 10 FØRESEGNOMRÅDE**

### **§ 10-1 # 1-2-4 Midlertidig anlegg- og riggområde**

#### Alle områda

Områda kan nyttas til verksemd som er nødvendig for anleggsdrifta. I områda kan det byggast anleggsvegar, riggområde og midlertidig lagring av jord- og steinmassar og utstyr. Seinast eit halvt år etter at anlegget er ferdig, skal områda være satt i stand til same arealføremål som før tiltaka blei starta.

Kollektivanlegget i Lovra (#1) utformast i byggeplanfasen med illustrasjonsplanen som grunnlag. Riggområdet i Ersdalen (#2) tilbakeførast som naturområde med stor stein og jordlag. Andre områder skal settast i stand og tilpassast tilgrensande areala.

Mellomlagring av massar skal ikkje føre til avrenning i Lovrvatnet.

Tverrslaget (#4) skal vere midlertidig og tunnelopninga skal tettast med stein etter ferdigstilling.

Føremålet Anlegg og riggområde opphøyrer når anleggsarbeidet er avslutta.

### **§ 10-2 # 3 Utforming av fangvollen**

Arealet innanfor den viste sona skal nyttast til fangvoll. Den skal ha ein høgde på min. 4 m. målt over terreng på sida mot rasområdet.

## **§ 11 ANLEGGSPERIODEN**

**§ 11-1** Før anleggsarbeidet starter opp skal det utarbeidast plan for ytre miljø (YM-plan) som viser bruk og sikring av rigg- og anleggsområder, sikrar god trafikkflyt og trafikksikkerheit. Midlertidig ventekø i anleggsfasen (t.d. under sprenging) plasserast utanfor område med skredfare. Planen skal inkludere metode og krav til sjølve utfyllingsarbeidet, herunder avbøtande tiltak for å hindre spreining av finpartiklar og anna ureinheter frå tunnelmassane.

**§ 11-2** Før bygge- og anleggsstart skal det utarbeidast rigg- og marksikringsplan som skildrar korleis vegetasjonen og terrenget i anleggsområda skal sikrast i anleggsperioden og settast i stand etter at anleggsperioda er over. Grense for terrenginngrep skal avklarast mellom byggherre og entreprenør. Område for naturverdiar (naturtypelokalitetar) skal merkast og sikrast med anleggsgjerde eller på annan måte i byggeperioden. Dette gjeld særskilt fylling og riggområde i Ersdalen.

**§ 11-3** Det skal utarbeidast plan for handtering av overvatn frå midlertidige riggområder, veganlegg og tunnel både i anleggsperioden og driftsfasen.

**§12 REKKEFØLGEFØRESEGNER**

- § 12-1** Tiltak mot skred må etablerast før anlegget kan tas i bruk.
- § 12-2** Før tunnelen blir tatt i bruk skal det gjennomførast reinsking og bolting av den delen av rv. 13 som skal nyttast som gang- og sykkelveg og som omkøyringsveg når tunnelen blir stengd, inkl. eksisterande kryssområde i sør.
- § 12-3** Terrengbehandling/-bearbeiding skal opparbeidast samtidig med veganlegget. Beplanting skal vere gjennomført seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.
- § 12-4** Nødvendige lokale støyskjermingstiltak skal vere ferdigstilt seinast ved opning av veganlegget.

24.06.2016

Rev. 10.01.2017